

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2016-0198	<b>Søknadsår</b>	2016	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016			
<b>Prosjektnavn</b>	Barnas Matfestival 2016			

### Kort beskrivelse

Matamål er den største matfestivalen i Sogn og Fjordane. På festivalen møtest produsentar og publikum på torgdagen, siste laurdagen i september kvart år. 4H Sogn og Fjordane vil i samarbeid med Sogndal vidaregåande skule og Sogn Jord- og Hagebruksskule auke elevane og 4H-arane sin kunnskap om kortreist, berekraftig og økologisk mat, og servere berekraftige rettar til publikum under Matamål Matfestival laurdag 24. september.

### Prosjektbeskrivelse

SØKNADEN ER SENDT INN I SAMRÅD MED IDA-BEATE MØLMESDAL RÅDGJEVAR INNAN KLIMA OG MILJØ, OG VIL BLI SAKSHANDSAMA AV HO.

#### Bakgrunn:

Matamål er den største matfestivalen i Sogn og Fjordane, der lokalmatprodusentar og publikum møtest til torgdag siste laurdagen i september kvart år.

I 2015 hadde 4H eit samarbeid med Sogn Jord- og Hagebruksskule og Sogndal vidaregåande skule knytt til økologisk workshop og gjennomføring av Barnas Matfestival under Matamål. Erfaringane var svært gode, og vi ønskjer derfor å halde fram dette i 2016 med mål om at dette blir eit fast tiltak.

Prosjektet i 2015 var støtta av Den naturlege skulesekken. I praksis besøkte elevar ved restaurant og matfag på Sogndal vgs. Sogn Jord- og Hagebruksskule til økologisk workshop, heldt matkurs for 4H-arar i alderen 10 til 14 år og arrangerte Barnas Matfestival i samarbeid med 4H under matfestivalen. Elevane frå Restaurant- og matfag var også på bedriftsbesøk på Gloppen hotell og sette saman ein meny med kortreiste og økologiske matvarer som var servert til festivalgjestane.

#### Hovudmål:

4H Sogn og Fjordane vil i samarbeid med Sogndal vidaregåande skule og Sogn Jord- og Hagebruksskule auke elevane og 4H-arane sin kunnskap om kortreist, berekraftig og økologisk mat, og servere berekraftige rettar til publikum under Matamål Matfestival.

#### Resultatmål / tiltak:

1. Elevar ved restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. deltek på økologisk workshop i september leia av vg. 3 elevar ved Sogn Jord- og Hagebruksskule for å lære om matens veg frå jord til bord.
2. Elevar ved restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. deltek på bedriftsbesøk, set saman ein «berekraftig meny» og førebur og instruerer under matkurs for 20 – 30 4H-arar i alderen 10 til 14 år.

3. 4H-medlemer og vaksne frå 4H-klubbar i Gloppen driftar Barnas Matfestival under Matamål laurdag 24. september, saman med elevar ved Restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. På Barnas Matfestival kan publikum kjøpe ulike rettar og sunt snop, og delta på forskjellige aktivitetar.

Målgruppe:

Målgruppa for prosjektet er elevar ved Restaurant- og matfag, 4H-medlemer i aldersgruppa 10 til 14 år og besøkande ved Matamål lokalmatfestival.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	4H Sogn og Fjordane Org.nr:991796266	Fjellvegen 11 6801 FØRDE	97072734
Kontakt- person	Åge Avedal	Fjellvegen 11 6801 FØRDE	97072734
Prosjekt- leder	Hanna de Groot	Fjellvegen 11 6801 FØRDE	90287112

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Ja

Vi har fått støtte eller søkt om støtte til ulike prosjekt:

- Møteplass: Naturen, friluftsprosjekt 2014 - 2016.
- 4H Matskule, matprosjekt 2013 - 2015
- 4H-gard i vekst 2016 - 2018

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Det gjennomgåande spørsmålet i prosjektet er: Korleis kan kunnskap om bruk av bærekraftige lokale ressursar blant yrkesutøvarane i restaurant og matfag verke inn på framtida til det bærekraftige landbruket?

Ved å samarbeide med elevane ved Sogn Jord- og Hagebrukskule vil elevane på vg.1 Restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. lære om råvarene til Sogn Jord og Hagebrukskule og korleis dei kan nyttast. Sogn Jord- og hagebrukskule, med landslinje for økologisk landbruk vg. 2 og vg. 3, har foredling som eit fordjupingsfag og vil såleis kunne vere ein ressurs for vg. 1 elevane. Dette er i tråd med mange sentrale kompetansemål ved vg. 1 Restaurant- og matfag.

Elevane skal så ta med seg kunnskapen inn i undervisninga for å planlegge menyen og vere instruktørar for ei gruppe på 20 til 30 born og unge, som i lag skal drifte «Barnas bistro» på Barnas Matfestival under Matamålfestivalen.

### Prosjekt mål

Hovudmål:

4H Sogn og Fjordane vil i samarbeid med Sogndal vidaregåande skule og Sogn Jord- og Hagebrukskule auke elevane og 4H-arane sin kunnskap om kortreist, berekraftig og økologisk mat, og servere berekraftige rettar til publikum under Matamål Matfestival.

**Resultatmål:**

1. Elevar ved restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. deltek på økologisk workshop i september leia av vg. 3 elevar ved Sogn Jord- og Hagebruksskule for å lære om matens veg frå jord til bord.
2. Elevar ved restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. deltek på bedriftsbesøk, set saman ein «berekraftig meny» og førebur og instruerer under matkurs for 20 – 30 4H-arar i alderen 10 til 14 år.
3. 4H-medlemer og vaksne frå 4H-klubbar i Gloppen driftar Barnas Matfestival under Matamål laurdag 24. september, saman med elevar ved Restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. På Barnas Matfestival kan publikum kjøpe ulike rettar og sunt snop, og delta på forskjellige aktivitetar.

**Forankring**

4H Sogn og Fjordane gjennomførte Barnas Matfestival for første gong i 2014, og i 2015 kom samarbeidet med Sogndal vgs. og Sogn Jord- og Hagebruksskule i stand. Samarbeidet var godt, og gjennomføringa av både økologisk workshop, kurskveld for born og festivalen vart ein suksess.

I 2015 var prosjektet støtta av Den naturlege skulesekken, og det pedagogiske opplegget er både blitt lagt merke til og vil bli brukt av både Den naturlege skulesekken og kompetansesenter for mat, helse og fysisk aktivitet i Bergen som eit godt eksempel på korleis ein kan jobbe med temaet bærekraft og mat. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har heile vegen vore ein samarbeidspart, både som finansiør av prosjektet 4H Matskule - matens veg frå jord til bord i 2013-2015, der Barnas Matfestival var eit av tiltaka, samt gjennom fagleg rådgjeving.

Det er laga eigne filmar frå opplegget i 2015 som snart vil bli publisert.

**Prosjektorganisering**

4H Sogn og Fjordane vil ha ansvaret for organiseringa og administreringa av prosjektet, og lærarar ved Sogndal vgs. og Sogn Jord- og Hagebruksskule vil ha det pedagogiske ansvaret.

Hanna de Groot, prosjektleiar i 4H Sogn og Fjordane, har vore ansvarleg for førebuinga og gjennomføringa av Barnas Matfestival og opplegga i førekant dei to siste åra, og vil vere prosjektleiar for tiltaket også i 2016. Ho vil leie ei gruppe av frivillige i Gloppen som skal planlegge det praktiske rundt festivalen og vil ha treffpunkt med lærarar og elevar ved dei vidaregåande skulane.

**Samarbeidspartnere**

Sogndal vidaregåande skule, elevar og lærarar ved Restaurant- og matfag.

Sogn Jord- og Hagebruksskule, elevar og lærarar.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Gry Tokvam mfl.

Gloppen Hotell v/ Bodil Fjellestad.

4H-nemnda i Gloppen v/ Ingunn Nyheim.

**Aktivitetar**

1. Elevar ved restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. deltek på økologisk workshop i september leia av vg. 3 elevar ved Sogn Jord- og Hagebruksskule for å lære om matens veg frå jord til bord.
2. Elevar ved restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. deltek på bedriftsbesøk, set saman ein

«berekraftig meny» og førebur og instruerer under matkurs for 20 – 30 4H-arar i alderen 10 til 14 år.

3. 4H-medlemer og vaksne frå 4H-klubbar i Gloppen driftar Barnas Matfestival under Matamål laurdag 24. september, saman med elevar ved Restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. På Barnas Matfestival kan publikum kjøpe ulike rettar og sunt snop, og delta på forskjellige aktivitetar.

### Målgrupper

Målgruppene for prosjektet er elevar ved Restaurant- og matfag, 4H-medlemer i aldersgruppa 10 til 14 år og besøkande ved Matamål lokalmatfestival.

### Resultat

Vi har mål om auka kunnskap om bærekraftig landbruk, økologi og kortreist mat hjå målgruppa. Vi trur spesielt at elevane ved Restaurant- og matfag vil ha stor nytte av kunnskapen dei får i møte med det økologiske landbruket, lokale bedrifter og festivalpublikummet. Dette kan dei ta med i sine seinare yrke innan matfaga,

### Effekter

Vi gjorde oss nyttige erfaringar i 2015 som vi vil ta med i arbeidet i 2016 for å bli endå betre. Spesielt såg vi at menysamansetjinga ikkje stemte heilt overeins med publikum sine behov under festivalen. For å få god effekt av prosjektet er det viktig at både lærarar, elevar, 4H-arar og apparatet rundt får ein god introduksjon for å kunne forstå verdien av eit bærekraftig landbruk og korleis dette kan vere eit konkurransefortrinn når ein skal omsetje mat.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Vår 2016: Få på plass samarbeidet, søkje midlar. Møte med lokale 4H-klubbar. Få på plass rammene hos Matamål.

Vår 2016: Starte informasjonsarbeidet om Barnas Matfestival

August 2016: Opplegget blir presentert for elevar ved Sogndal vgs.

September 2016: Økologisk workshop ved Sogn Jord- og Hagebruksskule. Etterarbeid for elevar med å planlegge meny og kurs.

23. september 2016: Bedriftsbesøk Gloppen hotell og gjennomføring av kurs for 4H-arar.

24. september 2016: Gjennomføre Barnas Matfestival under Matamål

31. oktober 2016: Rapport etter årets festival er ferdig. Instruks for arrangementet ferdig og kan nyttast av seinare arrangørar.

### Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Diverse utgifter	10 000					10 000
Eigeninnsats /dugnad 4H	10 000					10 000
Løn Prosjektleder	30 000					30 000
Løn, ekstraarbeid, lærarar	10 000					10 000
Mat, overnatting, transport	10 000					10 000
Råvarer, leige og div. til kurs og festival	10 000					10 000
Standleige med utstyr	10 000					10 000

Workshop Gloppen	5 000	5 000
Workshop Sogn Jord- og Hagebruksskule	5 000	5 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Eiginnsats 4H	20 000					20 000
Støtte til stand og utstyr, Matamål	10 000					10 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	70 000					70 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>100 000</b>					<b>100 000</b>

### Geografi

1400-Sogn og Fjordane

### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Prosjektplan Barnas Matfestival 2016.pdf	280 900	25.05.2016